



Ulstein kommune
Helsestasjonen

MARTE MEO-METODEN

- for bedre samspel med barn



KVARDAGEN MED BARN KAN VERE UTFORDRANDE

Ønsker du å verte meir merksam på kommunikasjonen mellom deg og barnet ditt?

- *"Johannes vil ikkje legge seg om kvelden"*
- *"Astrid slår seg alltid vrang om morgonen når vi skal ut av døra"*
- *"Emilie høyrer aldri etter, ho gjer som ho vil"*

Dette er utsagn som mange foreldre vil kunne kjenne seg igjen i. Felles for desse foreldra er at dei opplever å ha prøvd alt, men at lite nyttar.

Marte Meo er ein metode for å gi råd og rettleiing til foreldre som opplever at det å oppdra barn kan vere både vanskeleg og slitsamt.

Vi veit at foreldre gjer mykje for barna sine som både er rett og viktig. I det daglege er dette ikkje alltid så lett å oppdage, det forsvinn i mas, fortvilning og bekymring.

For å oppdage dei gode augneblinkane, filmar vi situasjonar der foreldre og barn er saman. Filmane gjer oss i stand til å sjå og påpeike augneblinkane vi ikkje oppdagar i kvardagen. Filmen vert brukt som utgangspunkt for samtale og rettleiing.

Gjennom å sjå på filmene saman med ein rettleiar får foreldra nyttig informasjon om barnet sitt. Foreldre vert bevisst sin eigen veremåte saman med barnet. Dette er nyttig for foreldre som alle ønskjer det beste for barnet sitt.

Sjølvsagt kan ein oppleve det å verte filma som kunstig, men informasjonen vi treng i rettleiinga vil likevel kome fram.

Filmene er ein praktisk arbeidsreiskap. Dei skal ikkje sjåast av andre enn familien og terapeuten eller dei familien gir løyve til.

Metoden er mest nytta i høve foreldre med barn under 10 år, men kan også nyttast på eldre barn.

Marte Meo-metoden er utvikla av den nederlandske terapeuten Maria Arts.



Gjennom Marte Meo ser vi kva barnet meistrar og kva det treng å meistre, det vil seie kva som vert det neste utviklingstrinnet. Vi kan sjå kva som fungerer godt og kva som enno ikkje er utvikla. Vi ser også kva barnet sin samspelepartner (foreldre/fagpersonar) kan gjere for å støtte barnet vidare i si utvikling.

Vi tilbyr gratis råd/retteleing til foreldre.

I samarbeid med foreldra kan denne metoden også nyttast ved råd/retteleing til tilsette i barnehage, lærarar og andre som arbeider med barn.

Kanskje ønskjer du meir informasjon?

Ta gjerne kontakt med Marte Meo-terapeut Gry-Anita G. Jonberg,
mobiltlf. 481 68 230

eller ring helsestasjonen på tlf. 70 01 78 80

